



Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jan Torry Sande	FA-A22	19/265

Saksnr	Utval	Type	Dato
066/19	Formannskapet	PS	11.06.2019
040/19	Kommunestyret	PS	18.06.2019

Sommaropen SFO ved Fedje skule

Vedlegg:

Vedtekter for SFO - revisjon 2019

sak om vedtekter sfo fedje kommune (L)(9783)

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I FEDJE KOMMUNE - revidert 2019

Møte 02-20182019 - referat

Saksutgreiing:

Bakgrunn

I sak 055/19 i formannskapet 07.05.2019 vart det gjort følgjande vedtak: «Formannskapet ønskjer uttale frå skule og barnehage om kostnad/ressursbruk ved evt sommaropen SFO, slik at formannskap og kommunestyre kan handsame saka snarast. Samrøystes vedteke»

Når saka «Vedtekter for SFO – revisjon 2019» vart handsama 23.04.2019 vart følgjande vedteke: Tove Nordseth (Krf) bad om utsetjing av punkt 4g. Utsetjinga vart vedteke med 9 mot 5 røyster. Erling Walderhaug (H), Inge Waage (Frp) og Arbeidarpartiet sine tre representantar røysta mot utsetjingsframlegget. Dei andre endringsframlegga vart vedteke samrøystes.

Slik var punk 4 g) formulert: «Ferie, fridagar og dagar SFO held open vert vedteke i same vedtak som **Skuleruta** (Ferie- og fridagar for skule- og barnehage) for Fedje kommune. Sjå årlege vedtak. **Skuleruta** vert mellom anna publisert på kommunen sine heimesider.»

Vurdering

Oversyn over antal barn/elevar somaren 2018 og 2019:

	Veke 26	Veke 27	Veke 28	Veke 29	Veke 30	Veke 31	Veke 32
Barnehagen 2018	18	13	9	6	7	11	14
Barnehagen 2019	15	13	7	8	4	8	9
SFO 2018	2	0	Stengt	Stengt	Stengt	0	2
SFO 2019	2	2	Stengt	Stengt	Stengt	1	1



Fedje kommune

SFO:

Det er svært få elevar som nyttar SFO i skuleferien. Tala har vore ganske like dei siste åra. Tidspunkt SFO er open/stengt, står på barnehage – SFO- og skuleruta. Talet på born som nyttar SFO er minkande generelt, grunna lavare elevtal.

Dette skuleåret har barnehagen og skulen jobba etter ein skriftteleg avtale der vi samarbeidar om bemanning på SFO i alle feriar inkludert sommarferien.

Erfaringane er at det sjeldant kjem mange born på SFO i skuleferiane. Avtalen med barnehagen er at i Jul – og påskeferien tek barnehagen imot elevar frå SFO utan at det er tilsette med. (Jula 2018 var det ingen born, påskeferien 2019 var det to som nytta tilbodet). Vinter - og haustferie er det ein frå SFO som jobbar uavhengig om det er born. I desse skuleferiane er det i barnehagen normal drift og dei kan ikkje ta høgde for eventuelle SFO-elevar. Skulen legg inn dette for bemanninga i SFO. Erfaringa frå inneverande skuleår er at tilsette frå SFO arbeidar i barnehagen men det er få SFO-elevar der.

Elevar:

Aldersspreiing mellom SFO elevar og barnehage born kan bli stor. For eksempel dersom du er einaste elev, eks ein 4. klassing, og det er berre born frå småbarnsavdelinga i barnehagen.

Arbeidsgjevar:

Skulen brukar ressursar på eit tilbod som få nyttar. Mellom skuleslutt og skulestart er det i 2019 to genuine brukarar.

Åpningstidene for SFO vert bemanna av same personalet som jobbar på skulen. Å halda opningstidene på SFO som sommaren er ressurskrevande, då det er eit heildagstilbod. Mykje av personalressursane må difor settast av til dette. Skulen ønskjer heller å nytta desse ressursane til opplæring gjennom skuleåret. Kostnaden for open SFO i skuleferiane er om lag kr 10 000 pr veke.

Barnehagen:

Barnehagen har hatt sommeropen barnehage dei siste åra. I sommarferien (midten av juni – midten av august) har barnehagen eit redusert antal born, særleg i fellesferien. I løpet av desse vekene skal også alle leikar, møblar og liknande vaskast og ryddast vekk frå avdelingane, av dei tilsette.

Barnehagen må også vere borte frå sitt lokale i minimum ei veke (nedvask, vedlikehaldsarbeid) og ha det same tilbodet som ein hadde hatt om den var lokalisert i barnehagen. Deretter skal barnehagen flyttast tilbake, og alle leikar og møblar skal settast tilbake på plass.

I same tidsrommet skal det også avviklast ferie for dei tilsette.

Moglege problemstillingar

- Barnas beste (samanhengande ferie)
- Brukarperspektivet (foreldregruppa)
- Arbeidsgjevaransvaret (ferieavvikling for tilsette)
- Tal på brukarar (få born med stor aldersspredning)
- Praktisk organisering
- Økonomi – bruk av adm.ressursar

Dersom det kjem endringar i SFO sine opningstider, må dette kome fram i vedtektene. Skule – SFO – og barnehagerute for 2019/2020 er ferdig handsama og ligg inne med tre veker sommarstengt SFO i



Fedje kommune

2020.

Folkehelse: Usikkert om det vil vere noko konsekvens.

Miljø: Ikkje relevant å vurdere.

Økonomi: Sjå konklusjonen under.

Konklusjon

Administrasjonen meiner saka gjev rom for tre handlingsalternativ:

- A. SFO held stengt 3 veker om sommaren. Dette er dei tre siste heile vekene i juli, slik ordninga er i dag. Dette kostar kr. 40 000,-.
- B. SFO held stengt frå skuleslutt til skulestart om sommaren. Dette medfører ei innsparing på kr. 70 000,-.
- C. SFO held open frå skuleslutt til skulestart om sommaren. I løpet av dette tidsrommet må elevane ta ut tre samanhengande veker med ferie. Dette har ein kostnad på kr. 70 000,-.

Forslag til vedtak:

Formannskapet tek saka til orientering.

Formannskapet - 066/19

F - behandling:

F - vedtak:

Formannskapet tek saka til orientering.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 040/19

K - behandling:

Endringsframlegg frå Kristin Aase (Ap):

Innan budsjetthandsaminga i desember skal vedtektene til SFO og Barnehagen bli sett på under eitt. Samstundes vil vi at det skal greiast ut moglegheit for at dei borna som har behov for SFO kan vere i barnehagen dei dagane skulen er stengt.

Framlegget falt med 8 mot 7 røyster. Kristin Aase (Ap), Terje Blomvågnes (Ap), Gidske Kolltveit (Ap), Tonje H. Gullaksen (H), Erling Walderhaug (H), Janne Tangen (H), Einar Ophaug (H) røysta for framlegget.

K - vedtak:



Fedje kommune

Kommunestyret tek saka til orientering.

Vedteke med røystene til Krf, Frp, Marit Øien (Uavh) og Stian Herøy (H).